

Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 04.09.2025, 19:00

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2025-16

Til stades: Olga Slettebø Gilje (leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Jarle Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem)

Forfall:

Protokollfører: Sverre Undheim

Sakslista

Faste Saker

040/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

041/25 Gjevarkampanje

042/25 Redaktør kyrkjelydsbladet

043/25 Gullkonfirmant 2025

044/25 Strategiplan Gjesdal sokn

Orienteringssaker

00025 Oppslagstavler og infoskjerm

00026 Sommaren 2025

00027 Kva skjer denne hausten?

00028 Haustens datoar

00029 Kyrkjevertteneste

00030 Korrigert revisjonsberetning

Olga Slettebø Gilje
leiar

Leif Hadland
Prest

040/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.09.2025	040/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

041/25 Gjevarkampanje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.09.2025	041/25

Saksframlegg

Me ligg ikkje an til å nå målet vårt om 120.000kr i årleg inntekt frå den faste gjevartenesta. Kva er målet for perioden til dette soknerådet og korleis kan me klare det?

Forslag til vedtak

Målet til soknerådet er å doble antal gjevarar i løpet av perioden og auke inntekta i den faste gjevartenesta med 60%.

Møtebehandling

Soknerådet har eit mål om å doble antal gjevarar i løpet av perioden og auke inntekta i den faste gjevartenesta med 60%. Soknerådet vil jobbe aktivt med å nå dette konkrete målet i løpet av denne perioden. Å få fleire gjevarar handler like mykje om å få fleire folk til kyrkjene våre. Det er ein del av det store arbeidet. Nokre av grepa soknerådet vil ta er:

- Nå ut til folk i fleire kanalar
- SMS
- Kyrkjelydsbladet
- E-post
- Ringerunde
- Info under gudstenestene
- Få ut informasjon om kva som skjer i kyrkjelyden, med dette skapa begeistring rundt arbeidet.
- Viktig å gjere det enkelt for folk å gje.
- Setje opp at folk kan gje i VIPPS.
- Me bør auke fokuset på å gje ei enkeltgåve, ikkje berre fast gjevarteneste.

Vedtak

Målet til soknerådet er å doble antal gjevarar i løpet av perioden og auke inntekta i den faste gjevartenesta med 60%. Soknerådet innlemmer dette i det vidare strategiarbeidet framover.

042/25 Redaktør kyrkjelydsbladet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.09.2025	042/25

Saksframlegg

Astrid Tangedal Madland har takka ja til å verte redaktør i kyrkjelydsbladet.

Forslag til vedtak

Soknerådet er takknemlege for at Astrid har teke på seg denne oppgåva, og oppnemner med dette henne som ny redaktør for kyrkjelydsbladet til Gjesdal kyrkjelege fellesråd.

Vedtak

Soknerådet er takknemlege for at Astrid har teke på seg denne oppgåva, og oppnemner med dette henne som ny redaktør for kyrkjelydsbladet til Gjesdal kyrkjelege fellesråd.

043/25 Gullkonfirmant 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.09.2025	043/25

Saksframlegg

Feiringa av gullkonfirmantar nærmar seg og det er soknerådet i Gjesdal sin tur til å arrangere. Me må setje eit program og fordele ansvar.

Tidlegare år har programmet sett omtrentleg ut som dette:

- Gudsteneste
- Konfirmantane kjem fram i grupper og får roser på vei opp
- Presten seier nokre velvalgte ord.
- Fest (Prest er vert)
- Opningsord frå prest
- Fortel om arbeidet i soknet - er det nokon av jubilantane som er aktive i soknet er det fint om dei vil seie noko
- Nemner dei som har gått bort.
- Alle jubilarantar presenterer seg sjølve og kor dei bur - kort.
- Middag
- Kake og kaffi
- Fotografering - enten mellom middag og kake, eller mellom gudsteneste og fest. Bilete vert sendt på epost etterpå til dei som ynskjer det. Biletene skal vel og til Gjesdalbuen.
- Hugse å invitere til Onsdags treff på Ålgård og open kyrkje i Oltedal.

Vedtak

Programmet vert slik:

- Gudsteneste
- Konfirmantane kjem fram i grupper (der dei vert konfirmert) og får roser på vei opp - Svein kjøper roser og Olga deler ut.
- Presten seier nokre velvalgte ord.
- Fest (Prest er vert)
- Opningsord frå prest
- Fortel om arbeidet i soknet - er det nokon av jubilarantane som er aktive i soknet er det fint om dei vil seie noko
- Nemner dei som har gått bort.
- Alle jubilarantar presenterer seg sjølve og kor dei bur - kort.
- Middag - Dageleg leier bestiller hjå Byrkjedalstunet i samarbeid med Berit. Han leverer og maten i kyrkja.
- Kake og kaffi - dagleg leier bestiller frå Gjesdal i Sandnes og leverer i Oltedal.
- Hugse å invitere til Onsdags treff på Ålgård og open kyrkje i Oltedal.
- Fotografering mellom gudsteneste og fest - fint at det vert teke bilete under roseutdeling og.

Dekking dagen før 10:00 dagen før.

- Alle i soknerådet er med på både dekkning dagen før og servering og oppvask på sjølve dagen.

044/25 Strategiplan Gjesdal sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.09.2025	044/25

Saksframlegg

Leif Hadland leier oss vidare i arbeidet med strategiplan. Vedlagt er eit utkast av planen.

Vedtak

Soknerådet fortsett arbeid med strategiplan etter det ordinære soknerådsmøte. Soknerådet ynskjer å ha ei strategidag saman med staben på starten av nyåret.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00025

00025 Oppslagstavler og infoskjerm

Informasjon

Me mangler utandørs oppslagstavle i Oltedal og dei i Dirdal og Gjesdal er for små. Nils Haaland skal få frivillige til å snekre nye tavler til Dirdal og Gjesdal, medan me prøver ut ein skjerm som oppslagstavle i Oltedal.

Infoskjermen vert og tilgjengeleg på mobil etter kvart.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00026

00026 Sommaren 2025

Informasjon

Korleis har sommaren vore?

Fin sommer med ein del folk på tvers av sokn. På kveldsgudstjeneste i August i Oltedal var det ikkje så mykje folk.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00027

00027 Kva skjer denne hausten?

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00028

00028 Haustens datoar

Informasjon

Dato AU	Dato	Opning	Mat
21.august	4.september	Svein	Björg
18.september	2.oktober	Oddrunn	Berit
23.oktober	6.november	Björg	Jarle
20.november	4.desember	Svein Ingve	Olga
22.januar	5.februar	Olga	Svein

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00029

00029 Kyrkjevertteneste

Informasjon

Minnar om at alle i soknerådet har kyrkjevertteneste i Oltedal kyrkje. Vedlagt er oversikten.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.09.2025	00030

00030 Korrigert revisjonsberetning

Informasjon

Revisor hadde ført feil overskot i revisjonsberetninga, så her er ein korrigert utgåve.